

Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep.
0032 OSLO

Oslo, 05.02.2024
Vår ref. 23/2855-13
653.20/ANGA
Dykkar ref. 23/6562-3

Att:

Høyring - forslag til føresegn om forbod mot konkurranseskadelege forskjellar i verdikjeda for mat og daglegvare

LO Norge viser til motteke forslag til føresegn frå Nærings- og fiskeridepartementet om forbod mot konkurranseskadelege forskjellar i innkjøpsføresetnader for daglegvarer og mat på høyring.

LO synes det er viktig å anerkjenne at Regjeringa tek på alvor og er villige til å iverksette verkemiddel for å fjerne usaklege forskjellar i innkjøpsprisane, samstundes må det nemnast at vi er usikker på om innføring av denne føresegna vil være til eit gode for konkurransen i daglegvaremarknaden.

Formålet med høyringa er å sikre betre konkurranse i daglegvaremarknaden. Då er det rett å nemne at den største utfordringa er maktkonsentrasjonen som vi finn i handelsleddet, med tre dominerande daglegvarekjeder.

Der ligg fleire moglegheiter som betre kan svare ut høyringa og etablering av denne føresegna. LO meina følgande punkt vil være viktige å gjennomføre så snart som råd:

- sjå nærmare på og granske maktforholda i daglegvaremarknaden generelt
- granske og vurdere dei konsekvensane av daglegvarekjedene si vertikale integrasjon i verdikjeda
- granske og vurdere dei konkurransemessige konsekvensane av integrert distribusjons og grossisttenester
- granske og vurdere konsekvensane av utfordringar med kjedene sine egne merkevarer (EMV) i forhandling mellom leverandør og daglegvarekjede
- granske og vurdere konsekvensen av kjedande sin integrasjon i produksjonsleddet
- vurdere konsekvensane ved overetablering av butikkar
- sjå nærmare på konsekvensar av krysssubsidiering av daglegvarer i butikk

Desse punkta vil være med på å sikre ein sunnare konkurranse i daglegvaremarknaden i tillegg til at Daglegvaretilsynet må få utvida myndigheit, samt strengare sanksjonsmoglegheiter.

Vidare meina LO at følgande punkt vil sikre betre og ein meir rettvis konkurranse i verdikjeda:

Landsorganisasjonen i Norge

Torggata 12, N-0181 Oslo E-post: lo@lo.no www.lo.no Telefon: +47 23 06 10 00 Organisasjonsnummer: 971 074 337
Kontonr.: 9001 07 00182 Faktura på e-post: 971074337@autoinvoice.no Elektronisk faktura (EHF): 9908:971074337



- tilgang til grossist- og distribusjonstenester på like vilkår er eit av dei største hindra for god konkurranse og moglegheit for nye aktørar å kunne etablere seg i daglegvarebransjen. Uavhengig av kva dei tre kjedene får i innkjøpsføresetnader er det dei som set prisen til ny kjede eller aktør, som må kjøpe sine varer frå det etablerte grossistleddet. Ei opning av grossist og logistikktenester og distribusjon av varer, vil gje betre konkurranse i daglegvaremarknaden. Noko som vi meina bør regulerast i føresegn.
- leveranse av varer i daglegvaremarknaden direkte til butikk må regulerast slik at leverandørane i daglegvaremarknaden sjølv kan bestemme om dei vil levere direkte til butikkane eller til kjeda sine egne grossistlager. Noko som vi meina bør regulerast i føresegn.

Med venleg helsing
LO Norge

Trude Tinnlund
(sign.)

Kenneth Sandmo
(sign.)

Saksbehandlar: Anja Kildal Gabrielsen

Dette brevet er godkjent elektronisk i Landsorganisasjonen i Norge og har derfor ingen signatur.